



Søknad om tilskot til UngOsa 2017

UngOsa - ei helgesamling for born og unge under Osafestivalen 27.-29. oktober.

Osafestivalen er ein etablert festival på Voss innan folkemusikk, og blir i 2017 arrangert for 27. gong.

Profilen til festivalen er å stimulera interessa for folkemusikk og nærliggande musikkformer, med særleg vekt på tidleg kunstmusikk. Arrangørane av festivalen er Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen.

Osafestivalen har dei siste åra hatt kurs for born og unge innan folkedans og -musikk under festivalen. I samarbeid med prosjektet Hardingfela.no, auka Osafestivalen i 2016 satsinga på kurs for denne målgruppa monaleg. UngOsa-deltakarane får, i tillegg til kurs med nokon av dei fremste folkemusikkarane og folkedansarane i landet, oppleva delar av festivalen både som publikummarar, deltakrar på dansekveld, og artistar. UngOsa 2016 var ein suksess – lærarane, foreldre og fleire av dei 33 borna og ungdommane som deltok, uttrykka at dei var sære nøgd med kursopplegget. I tillegg til gode tilbakemeldingar frå nøgde deltakrar og foreldre – både på gruppeundervisinga og aktivitetane gjennom helga generelt, kom det positive tilbakemeldingar frå publikum i samband med dansegruppa si oppsyning på familiekonserten laurdag, og den avsluttande UngOsa-konserten sundag – der alle deltakarane og lærarane deira medverka.

Målgruppa for UngOsa 2017 er utøvarar frå 7 til 18 år på hardingfele, toradar, vokal og dans.

Deltakarane vert delt inn i grupper etter aktivitet og nivå. Undervisinga er innan norsk folkemusikk og folkedans. Kurset vil gå over tre dagar, fredag til sundag, med ein avsluttande, stor felles konsert med alle deltakarane sundagen, som ein del av det ordinære festivalprogrammet til Osafestivalen.

Deltakarane vil også bli inviterte med på familiekonsert laurdag føremiddag og dansen på Ole Bull Akademiet laurdag kveld. I tillegg til undervising i grupper (hardingfele, torader, song og dans) vil deltakarane ha ei fellesøkt i dans, laurdag. Det er lagt opp til sosialt samvære både fredag og laurdag etter middag, der deltakarane får spela, leika og dansa ilag. Noko av dette vil vera i regi av kursleiarar/lærarane på kurset i tillegg til at det vil vera rom for at deltakarane sjølve kan få styra opplegget her litt fritt.

Eit mål for tal på deltakarar er kring 40-50. Deltakarane i fjor kom frå Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Kvam, Samnanger, Fusa, Osterøy, Lindås og Bergen, og ein vonar mange av dei same, i tillegg til fleire nye, vil delta på årets UngOsa.

Vi vonar helgesamlinga i år vil bli ein like stor suksess som i fjor og håpar på eit positivt svar på søknaden.

Budsjett UngOsa 2017			
KOSTNADER			
Honorar/løn			
Instruktør, ordinær (6 grupper + 2 instruktørar dans)	8	5000	40000
Honorar konsertregi	2	1000	2000
Sum honorarer			42000
Fribillettar festival	50	100	5000
Kursmedarbeidarar	2		2000
Administrasjon			25000
RDO			
Opphald, instruktørar/kurspersonale			10000
Opphald, deltakarar	35	1000	35000
Mat deltakarar som ikkje skal overnatta	10	500	5000
Sum opphald			50000
Reisekostnader, instruktørar			7500
Diverse			
Leige øvingslokaler			8700
Marknadsføring			1000
Leige konsertlokale			1600
Skyssing av deltakarane - maxi taxi			4000
Andre kostnader			3000
Diverse uforutsett			3000
SUM KOSTNADER			152800
INNTEKTER			
Deltakaravgift med overnatting	32	950	30400
Deltakaravgift, song- og spelkurs,søskan	3	800	2400
Deltakaravgift, utan overnatting med med måltider	10	500	5000
Sum deltakaravgift			37800
Tilskot Hordaland Fylke			20000
Tilskot RFF			10000
Tilskot Hordaland Folkemusikklag			10000
Tilskot Voss kommune			15000
Tilskot SPV allmennyttige midlar			10000
Tilskot Helgeland minnefond			20000
Eigenandel / adm.ressurs Hardingfela.no			25000
Osafestivalen fribillettar			5000
SUM FINANSIERING			152800
RESULTAT			0